




Fylkesmannen i
Hordaland



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Handlingsprogram for folkehelse

2007 - 2008



Innleiing

Bergen - 10. mai 2007



Folkehelse er eit satsingsområde som er høgt prioritert nasjonalt og av fylkesutvalet.

Dei overordna måla er:

- Fleire leveår med god helse i befolkninga som heilskap
- Redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn.

Hordaland fylkeskommune mottek nå statlege midlar til stimulering av folkehelsearbeidet.

Utfordringane er mange og gjeld mellom anna psykisk helse, usunt kosthald, auke i kroppsvekt, fysisk inaktivitet og ikkje minst aukande sosiale skilnader i folks helsetilstand. Årsakene er komplekse. Handlingsprogrammet er utarbeidd på bakgrunn av strategikonferansen oktober 2006, der Fylkesmannen og fylkeskommunen signerte ein partnarskapsavtale (sjå vedlegg 1). Eit sentralt verkemiddel er å utvikle samarbeidet mellom offentlege og private aktørar som har ansvar for psykisk helse, fysisk aktivitet, kosthald og ernæring, fysisk tilrettelegging, tiltak mot røyking og rusmisbruk og betre skole- og arbeidsmiljø. Etablering av samarbeid med kommunane må prioriterast framover.

A handwritten signature in black ink that reads "Torill Selsvold Nyborg". The signature is written in a cursive, flowing style.

Torill Selsvold Nyborg
Fylkesordfører



Foto: Stanley Hauge

Innhold

| | |
|---|----|
| Innleiing | 3 |
| Tema 1 Skape samanheng i folkehelsearbeidet | 6 |
| 1.1 Støtte gode folkehelseiltak i kommunane | 6 |
| 1.2 Opplæring i tverrkulturell kompetanse | 7 |
| 1.3 Kartleggje aktørar/ tiltak i førebyggjande psykisk helse | 7 |
| 1.4 Fysisk aktivitet og måltid i skolen | 8 |
| 1.5 Helse i kommunale planar | 8 |
| Tema 2 Arbeidsmiljø og skolemiljø | 9 |
| 2.1 Auke kunnskap om føresetnader for eit godt arbeidsmiljø | 9 |
| 2.2 Olweus-programmet mot mobbing | 9 |
| Tema 3 Fysisk aktivitet | 10 |
| 3.1 Opne idrettsanlegg | 10 |
| 3.2 Tilretteleggje slik at personar i psykisk helsevern kan vere fysisk aktive | 11 |
| 3.3 Tilretteleggje for fysisk aktivitet for personar med utviklingshemming | 11 |
| 3.4 Motivasjonsseminar for aktivitetsleiarar | 12 |
| 3.5 Treningskontaktkurs | 12 |
| 3.6 Universell utforming av idrettsanlegg i Hordaland | 13 |
| 3.7 Råd om anleggs- og aktivitetsplanlegging i kommunane | 13 |
| Tema 4 Kosthald | 14 |
| Opplæringstiltak betra kosthald | 15 |
| 4.1 Opplæring i kosthald for kantinepersonell på vidaregåande skolar | 15 |
| 4.2 Bruke tannpleiaranes kompetanse til å styrke undervisning i helse- og sosialfag | 15 |
| 4.3 Bruke tannpleiarane sin kompetanse til å styrke undervisning i Mat og helse | 16 |
| 4.4 Konferanse for barnehagepersonell om nye retningsliner for mat | 16 |
| Samarbeidstiltak for betra kosthald | 17 |
| 4.5 Danne ressursnettverk med/for kvinner med flyktningsbakgrunn | 17 |
| 4.6 Vassautomatar i alle vidaregåande skolar i Hordaland | 18 |
| 4.7 Tannpleiarar - ressurspersonar i skolens nettverk | 18 |
| 4.8 Seminar for barnehagepersonell | 19 |
| 4.9 Middagstilbod til einslege eldre i nærmiljøet | 19 |
| Tema 5 Røyk og rus | 20 |
| Mål: Tiltak mot tobakkskader | 20 |
| 5.1 Motivere for større deltaking i FRI-programmet | 20 |
| 5.2 Røykfri skoletid i vidaregåande skole | 20 |
| 5.3 Tilbod om hjelp til røykeslutt i primærhelsetenesta | 21 |
| 5.4 Tiltak mot russkadar | 22 |
| 5.5 Tiltak for å motverke omsetning av narkotiske stoff på skolane | 22 |
| Tema 6 Tilrettelegging for fysisk aktivitet | 23 |
| Arealplanlegging | 23 |
| 6.1 Kartleggje og verdsette lokale friluftsområde | 24 |
| 6.2 Sikring av lokale friluftsområde og grøntareal | 24 |
| 6.3 Grenser for og tilgjenge til store friluftsområde / byfjell | 26 |
| 6.4 Utvikle eit universelt utforma friluftsområde i kvar region | 26 |
| Aktiv transport | 27 |
| 6.5 Gå til skolen/ Aktive skolebarn | 27 |
| 6.6 Turvegar sentralt i bustadområda | 27 |
| 6.7 Bike and ride | 28 |
| 6.8 Informere planleggjarar og utbyggjarar om behovet for fysisk tilrettelegging | 28 |
| Vedlegg 1: «Avtale om partnerskap for folkehelse i Hordaland 2006 - 2010» | 29 |
| Vedlegg 2: Vedtak FUV-sak 80/07 Folkehelse i Hordaland. Handlingsprogram 2007-2008 | 30 |

Tema 1 Skape samanheng i folkehelsearbeid

1.1 Støtte gode folkehelseiltak i kommunane

Bakgrunn, føremål

Hordaland fylkeskommune får statlege tilskot til folkehelsearbeid i 2007.

Midlane skal nyttast til å stimulere til folkehelsearbeid i kommunane.

Målet er at folkehelsesatsinga regionalt skal støtte opp under gode tiltak i kommunane.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Velje ut aktuelle kommunar å samarbeide med inngå partnerskap med dei utvalde kommunane. |
| Forventa resultat | At stimuleringsmidlar skal nyttast effektivt og samordna slik at flest mulig prosjekt i kommunane får tilskot og høve til å nå måla |
| Ansvar | Hfk - Folkehelse |
| Samarbeidspartnarar | Fylkesmannen, kommunane |
| Framdrift | oppstart 2007 |
| Kostnad | kr. 500.000 |
| Finansiering | Sosial- og helsedirektoratet |
| Kritiske suksessfaktorar | |
| Relevant for kommunar | ja |

St.meld. nr. 49 "Mangfold gjennom inkludering og deltaking" har som mål at alle, uavhengig av opphav og kjønn, skal ha like moglegheiter, rettar og plikter til å delta i samfunnet og bruke sine ressursar. Brukarretta og tilpassa offentlege tenester er ein føresetnad for at alle borgarar, utan omsyn til bakgrunn, skal få eit likeverdig tenestetilbod.

Eit reelt likeverdig tenestetilbod krev nye tilnæringsmåtar og ny kompetanse i dei offentlege verksemdene for å møte utfordringane som dagens samfunn står ovanfor. Dei færraste tenesteytarane har (fått) tverrkulturell kompetanse som del av si utdanning.

I følgje IMDi (tidlegare UDI) har Hordaland fylkeskommune vore ein spydspiss i arbeidet med kompetanseutvikling for å gjere det offentlege tenesteapparatet betre i stand til å meistre utfordringane i mangfaldsamfunnet. "Hordalandsmodellen" er utvikla i samhandling mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, UDI, KS og sentrale arbeidstakar-organisasjonar og er nå etterspurd over heile landet. Omfanget og systematikken i arbeidet er vurdert som unik på landsbasis.

Eit hovudmål for folkehelsesatsinga er å utjamne skilnad i helse i befolkninga. "Hordalandsmodellen" er eit verktøy for å nå fleire marginale grupper og ein metode som gjer oss betre i stand til å nå fram med folkehelseiltak til grupper som vi i dag ikkje når.

1.2 Opplæring i tverrkulturell kompetanse

Bakgrunn, føremål

”Hordalandsmodellen - Med kurs for tverrkulturell kompetanse” er eit verktøy for forankring og modellar for kompetanseutvikling som fyller eit manglande fagtilbod i dei ulike profesjonsutdanningane. Å samhandle med menneskje frå ein annen kultur handlar om meir enn kunnskap om ulike språk. Det handlar og om ulike verdiar, erfaringar og tradisjonar. Flyktningar har ei dårlegare allmennhelse enn gjennomsnittet i befolkninga. For å utjamne skilnader er det behov for kompetansebyggjande tiltak som gjer at ein når fram til denne gruppa.

| | |
|------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | motivere kommuneleiinga til å prioritere tiltaket. møte minoritetsgrupper på ein slik måte at informasjonen og tiltaka når fram. |
| Forventa resultat | Aktørar som allereie finst i dei fleste kommunar, vil kunne ta eit større ansvar som formidlar og samarbeidspartnar i formidling av kosthaldsinformasjon og initiering av tiltak. |
| Ansvar | Hfk – ansvarleg for ”Hordalandsmodellen ”, Folkehelsegruppa |
| Samarbeidspartnarar | Kommunane - helsestasjonar, sosialkontor, flyktningmottak og relevante frivillige organisasjonar |
| Framdrift | Oppstart haust 2007 |
| Kostnad | kr.30.000 pr. kurs |
| Finansiering | Eigeninnsats, driftsmidlar; folkehelsemidlar og spleiselag med kommunane |
| Kritisk suksessfaktor | Forankring i kommuneleiinga |
| Relevans for kommune | ja |

1.3 Kartleggje aktørar/tiltak i førebyggjande psykisk helse

Bakgrunn, føremål

Sosiale faktorar som påverkar den psykiske helsa er m.a. arbeidsløyse, sosial desintegrasjon, sosioøkonomisk status, bustadmiljø og arbeidsmiljø. Mange folkehelseiltak kan betre den psykiske helsa. Målet er å få oversikt over tiltak innan psykisk helsevern i fylket.

| | |
|------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Mange aktørar har viktige roller innan psykisk helse. Kva skal definerast inn? |
| Forventa resultat | Ei god oversikt over tilboda i fylket slik at vi kan kanalisere kommunane til rett instans. På sikt vurdere om det er manglande tilbod som vi kan vere med å initiere. |
| Ansvar | Fylkeskommunen ved folkehelsegruppa |
| Samarbeidspartnarar | Helseføretaka |
| Framdrift | |
| Kostnad | Kr. 10.000 |
| Finansiering | Hordaland fylkeskommune – Kultur- & idrettsavd. |
| Kritisk suksessfaktor | Informasjon |
| Relevans for kommunar | ja |

1.4 Fysisk aktivitet og måltid i skolen

Bakgrunn, føremål

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009 (8 departement) har eit tiltak for å kartleggje og utvikle modellar for meir fysisk aktivitet og måltid i skolen.

Fysisk aktivitet i skolekvardagen gir auka konsentrasjon og betre læring. Utan mat og drikke duger helten ikkje! Påfyll av energi trengst for god konsentrasjon og læring. Det er mange måtar å tilretteleggje for meir fysisk aktivitet og betre måltid i skolekvardagen. Korleis få til lågterskeltilbod til alle elevar - tilbod som bidreg til betre kosthald og glede over å vere i bevegelse?

Bergen og Odda kommunar har fått støtte til å arbeide med dette i grunnskolen. Fleire kommunar og vidaregåande skole er aktuell å trekkje inn i arbeidet.

Målet med tiltaket er å kartleggje og formidle kunnskap og erfaring om slikt arbeid, medverke til å utvikle modellar for organisering av skolekvardagen, og gi råd/retteleiing til skoleeigar om tenlege modellar som gir gode resultat. Sjå: http://www.utdanningsdirektoratet.no/templates/udir/TM_Artikkel.aspx?id=462

| | |
|------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Skolane er pressa på tid og ressursar og får stadig fleire statlege program dei må forholde seg til. |
| Forventa resultat | Konferanse/ seminar med aktuelle kommunar/skoleeigarar om korleis dette kan gjerast i praksis. Formidling av gode modellar. |
| Ansvar | Fylkesmannen, Hfk |
| Samarbeidspartnarar | Kommunane, SHDir, Utdanningsdirektoratet, |
| Framdrift | hausten 2007 |
| Kostnad | 2 mnd arbeid |
| Finansiering | SHDir, Fylkesmannen : kr. 40.000 (overført til Hfk) |
| Relevans for kommunane | Ja |

1.5 Helse i kommunale planar

Bakgrunn, føremål

Folkehelseperspektivet må inn i alle relevante kommunale planar.

Dette må formidlast på ein god og effektiv måte til dei planansvarlege i kommunane. Helsekonsekvensar i samfunns- planlegginga vert tatt opp som eit eige tema på møte i fylkeskommunens plannettverk våren 2007, og må følgjast opp på ulike måtar.

| | |
|------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | I plan- og utbyggingssaker vert kommunane utsett for press frå mange hald med motstridande interesser. |
| Forventa resultat | Betre helseomsyn i planlegginga |
| Ansvar | Hfk, Fylkesmannen |
| Samarbeidspartnarar | MD, SHDir, kommunane |
| Framdrift | Pågåande |
| Kostnad | drift |
| Finansiering | |
| Kritisk suksessfaktor | Skape forståing, konkretisere kva dette vil seie i praksis. |
| Relevans for kommunar | ja |

Tema 2 Arbeidsmiljø og skolemiljø

2.1 Auke kunnskap om føresetnader for eit godt arbeidsmiljø

Bakgrunn, føremål

HMT-tenesta i Hordaland fylkeskommune har utarbeidd internkontrollhandbok og HMT-katalogen som kan nyttast i førebyggjande HMT-arbeid i kommunane. HMT-katalogen inneheld kurs og rådgeving innan systematisk helse, miljø og tryggleiksarbeid. Målet er betre arbeidshelse

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Gjere informasjon om tilboda tilgjengeleg |
| Forventa resultat | Betra arbeidsmiljø og arbeidshelse og redusert sjukefråver ved at kommunane gjer nytte av tilboda frå fylkeskommunen; Tilbod om rådgevingsteneste, seminar, leiarstøtte, kurs i inneklima, arbeidsmiljø og liknande |
| Ansvar | Fylkeskommunen ved HMT-tenesta og folkehelsegruppa |
| Samarbeidspartnarar | Kommunane, arbeidsgjevarar |
| Framdrift | Vidareføring |
| Kostnad | For tilsette i fylkeskommunale verksemder kostar det ikkje noko å bruke HMT-tenesta. Berre oppdrag som krev at HMT-tenesta må kjøpe inn eller leige kompetanse eller utstyr, må bestillaren betale for. Pris og betalingsvilkår blir i slike høve avtalt på førehand. |
| Finansiering | |
| Kritiske suksessfaktorar | Kapasitet |
| Relevans for kommunar | ja |

2.2 Olweus-programmet mot mobbing

Bakgrunn, føremål

Manifest mot mobbing (2005-2007), underteikna av Regjeringa, KS, Utdanningsforbundet og Foreldreutvalet for grunnskolen, er eit langsiktig arbeid. Olweus- og ZERO-programma er tatt i bruk av nær 800 skolar i den første manifestperioden. Programma har effekt og omfanget av mobbing er redusert på skolar som brukar dei systematisk. Eit sentralt mål er å omstrukturere det sosiale miljøet slik at problemåtfærd i mindre grad vert premiært, og redusere mobbing i skolen.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | |
| Forventa resultat | Betra skolemiljø |
| Ansvar | Fylkeskommunen ved opplæringsavdelinga |
| Samarbeidspartnarar | Kurshaldar (UiB ved Hemilsenteret og Sirius rådgiving), skolen |
| Framdrift | Vidareføre program på fleire vidaregåande skolar |
| Kostnad | Kostnader for skolen er berekna til materiellutgifter (lærerretleiing, bok, videofilm og ei spørjeundersøking i papirversjon eller på internett og skolens egne utgifter i med opplæring og innføring av programmet. |
| Finansiering | Kr. 150 000 Opplæringsavdelinga |
| Kritiske suksessfaktorar | |

Tema 3 Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet er ei kjelde til trivnad og god helse. Den daglege aktiviteten har mykje å seie for ein sunn og aktiv livsstil - gå til skolen, sykle til jobben, gå tur om ettermiddagen. Tilgjengelege og tilrettelagde tilbod i nærmiljøet gjer at folk kan vera fysisk aktive uavhengig av funksjonsevne, alder, sosioøkonomisk status, etnisk bakgrunn eller kulturelle forhold.

I tilrettelegginga er det viktig med lågterskeltilbod som innbyr til fysisk aktivitet utan store krav til den ein-skilde om fysisk tilstand, sosial tilhørsle, utstyr eller økonomi.

Kommunane har ei sentral rolle i tilrettelegginga. Frivillige lag og organisasjonar gjev tilbod om fysisk aktivitet. Det er behov for møteplassar mellom det offentlege og dei frivillige organisasjonane.

3.1 Opne idrettsanlegg

Bakgrunn, føremål

Uorganiserte barn og ungdom må kunne drive fysisk aktivitet på egne premisser og sjølv styre aktiviteten (og tidspunkt for den).

I opne idrettsanlegg kan vi leggje til rette for eit variert tilbod der fysisk aktivitet, leik og trivnad er målet. Opne idrettsanlegg skal vere ein rusfri treffstad der barn og ungdom får kunnskap om og ansvar for eiga helse. Mange idrettsanlegg har lokale som kan vere ein naturleg møtestad for barn og unge anten dei driv med fysisk aktivitet eller ikkje.

Aktivitetstilbodet skal ha låg terskel med omsyn til type aktivitet og økonomi. Det skal vere sosialt stimulerande, også for dei vaksne som følgjer barn/ungdom til idrettsanlegget.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Arrangement for ungdom kan vere vanskeleg å organisere då det ikkje er ei homogen gruppe og det er vanskeleg å nå alle i målgruppa. Det er og ei utfordring med omsyn til rus. |
| Forventa resultat | Auka fysisk aktivitet og auka haldning til det å vere i jamleg fysisk aktivitet hos barn, ungdom og vaksne. |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune |
| Samarbeidspartnarar | Kommunar ved kultur/idrett/helse/sosial, frivillige organisasjonar som Hordaland idrettskrets, idrettsråd i kommunane, friluftsgeselskap, frivillighetssentral, Raude Kross, politi, Fylkesmannen. |
| Framdrift | Fire nye kommunar per år |
| Kostnad | kr 175 000 (for 2007) |
| Finansiering | Hordaland fylkeskommune, samt tilskot frå gjeldande kommune |
| Kritiske suksessfaktorar | Lokal forankring, politisk semje om igangsetting av tiltaket |



Foto: Gudrun Mathisen - New Page, Vitalitets

3.2 Tilretteleggje slik at personar i psykisk helsevern kan vere fysisk aktive

Bakgrunn, føremål

Personar innan psykisk helsevern har utfordringar med omsyn til å vere med i eksisterande aktivitetstilbod. Fysisk aktivitet har ein dokumentert effekt i behandlinga for mange, både med omsyn til fysisk, mental og sosial helse. Fysisk aktivitet bør vere ein naturleg del av behandlinga og tilbodet til personar innan psykisk helsevern. Målet er auka fysisk aktivitet for personar innan psykisk helsevern ut frå egne ynskje, behov og føresetnader.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Personar innan psykisk helsevern treng ulik tilrettelegging med omsyn til fysisk aktivitet. Nokon er direkte kontraindikerte for fysisk aktivitet, medan andre kan ha store fordelar mentalt, sosialt og fysisk. |
| Forventa resultat | Betre livskvalitet og betre dagleg funksjon |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland |
| Samarbeidspartnarar | Kommunar ved kultur/ idrett/helse/sosial, frivillige organisasjonar – Hordaland idrettskrets, friluftsgeselskap, Mental Helse, Helse Vest/Helse Bergen, dagsentre og ulike brukarorganisasjonar |
| Framdrift | Årleg oppfølging og vidareføring /utvikling |
| Kostnad | Kr 200 000 |
| Finansiering | Hordaland fylkeskommune (kr 100 000), Fylkesmannen i Hordaland, Helse Bergen (kr 100 000), kommunane |
| Kritiske suksessfaktorar | Få ut informasjon til målgruppa |

3.3 Tilretteleggje for fysisk aktivitet for personar med utviklingshemming

Bakgrunn, føremål

Personar med utviklingshemming har i tillegg til det fysiske utbyttet, stor glede og nytte av å vere i fysisk aktivitet. For mange er ikkje den fysiske aktiviteten viktigast, men like mykje det som skjer rundt primæraktiviteten. Målet er auka fysisk aktivitet for personar med utviklingshemming, både med integrerte og segregerte aktivitetstilbod.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Tilrettelagt og variert fysisk aktivitet |
| Forventa resultat | Auka fysisk aktivitet |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune |
| Samarbeidspartnarar | Kommunar (kultur, idrett, helse, sosial), frivillige organisasjonar, (Hordaland idrettskrets/Norges Idrettsforbund, friluftsgeselskap/organisasjonane, brukarorganisasjonar), Helse Vest, Fylkesmannen i Hordaland |
| Framdrift | Årleg oppfølging og vidareføring/ utvikling |
| Kostnad | kr. 90 000 per år |
| Finansiering | Hordaland fylkeskommune, Hordaland Idrettskrets |
| Kritiske suksessfaktorar | |

3.4 Motivasjonsseminar for aktivitetsleiingar

Bakgrunn, føremål

Skipe til motivasjonsseminar for å heve kompetansen blant aktivitetsleiingar og dei godt vaksne (frå 65 år) med omsyn til fysisk aktivitet. Kommunane får eit forslag til korleis lage eit seminar om kvifor fysisk aktivitet er viktig for eldre. Teoretiske og praktiske døme på korleis eldre kan vere i fysisk aktivitet.

Målet er auka fysisk aktivitet for eldre (65 +).

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Komme i kontakt med den aktuelle gruppa |
| Forventa resultat | Auka fysisk aktivitet og ei større forståing for kvifor det er viktig at eldre er i fysisk aktivitet. |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune (seksjon for idrett og friluftsliv samt fylkeseldrerådet) |
| Samarbeidspartnarar | Eldreråd, pensjonistforeiningar, kommunar, ulike frivillige organisasjonar (friluftsliv, idrett) |
| Framdrift | Oppfølging og vidareføring/utvikling |
| Kostnad | Kr 50.000 per år |
| Finansiering | Hordaland fylkeskommune |
| Kritiske suksessfaktorar | Lokal forankring |

3.5 Treningskontaktkurs

Beskriving, føremål

Kurset er for kommunale støttekontaktar og andre som vil auke sin kompetanse om tilpassa fysisk aktivitet for personar med funksjonshemming. Kurset gjev deltakarane ei generell innføring i praktisk og teoretisk tilrettelegging av fysisk aktivitet. Målet er å gje deltakarane ei forståing for korleis leggje til rette for fysisk aktivitet for personar innan rusmiddelomsorga og innan psykisk helsevern.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Utvide målgruppa til også å gjelde personar med andre utfordringar (utviklingshemma, eldre, innvandrarar m. fl.) |
| Forventa resultat | Treningskontaktane skal medverke til at personar som har trong for ekstra tilrettelegging kan oppleve meistring gjennom meningsfulle aktivitetar, fellesskap og samhandling |
| Ansvar | Hordaland Idrettskrets |
| Samarbeidspartnarar | Kommunar, Hordaland fylkeskommune, Helse Bergen, Fylkesmannen i Hordaland, Stiftelsen Bergensklinikkene, Bergen Turlag |
| Framdrift | Starta januar 2007 |
| Kostnad | Kr. 250 000 i 2007 |
| Finansiering | Hordaland fylkeskommune (kr 150 000), Hordaland Idrettskrets, Fylkesmannen i Hordaland, Stiftelsen Bergensklinikkene, kommunar |
| Kritiske suksessfaktorar | |

3.6 Universell utforming av idrettsanlegg i Hordaland

Bakgrunn, føremål

Informasjonskampanje retta mot kommunane for å inkludere folkehelseperspektivet når ein planlegg idrettsanlegg. Nye anlegg skal ha universell utforming, slik at vi sikrar lett tilgjenge for alle

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Informasjon om korleis utforme universelt. |
| Forventa resultat | Meir folkehelse for pengane som vert brukt til anlegg. Fleire gode søknader frå kommunane til nye anlegg. |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune |
| Samarbeidspartnarar | Idrettsråda, kommunane, Kultur- og kyrkjedepartementet |
| Framdrift | Årleg oppfølging |
| Kostnad | Generell rådgjeving |
| Finansiering | Hordaland fylkeskommune |
| Kritiske suksessfaktorar | Kontakt med målgruppa |

3.7 Råd om anleggs- og aktivitetsplanlegging i kommunane

Bakgrunn, føremål

Alle kommunane i Hordaland har planar for utvikling av anlegg og fysisk aktivitet. Kvaliteten på planane kan bli betre på økonomi, aktivitetsutvikling, medverknad og tverrsektoriell samhandling. Målet er å utvikle gode kommunale delplanar som politiske styringsreiskap for utviklinga innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Sikre at dei kommunale delplanane tar med utfordringar og strategiar for utvikling av både anlegg og aktivitet |
| Forventa resultat | Betre kommunale delplanar for anleggs- og aktivitetsutvikling i forhold til barn og ungdom sine ønskjer og behov |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune |
| Samarbeidspartnarar | Kommunane, idrettsråd, friluftslivsorganisasjonar, Kultur- og kyrkjedepartementet |
| Framdrift | Årleg oppfølging |
| Kostnad | Generell rådgjeving |
| Finansiering | Hordaland fylkeskommune |
| Kritiske suksessfaktorar | Informasjon |

Tema 4 Kosthald

Sunn og god mat er viktig for helse og trivsel. Tilgangen på mat i Norge er rikeleg og allsidig, og befolkninga har gode høve til å velje eit forsvarleg og gagnleg kosthald. I forhold til helsepolitiske mål for kosthaldet, er det mange positive tendensar, men den positive utviklinga dei siste åra ser ut til å flate ut.

Regjeringas Handlingsplan for betre kosthald i befolkninga 2007-2011 Oppskrift for eit sunnare kosthald er eit samarbeid mellom 12 departement og gir mål og strategiar for ei samla satsing.

Visjonen er betre helse i befolkninga gjennom eit sunt kosthald. Hovudmål er

1. Endre kosthaldet i tråd med tilrådingar frå helsestyresmaktene
2. Redusere sosiale forskjellar i kosthald.

Med utgangspunkt i folkehelsepolitikken har handlingsplanen fem strategiar:

1. Betre tilgjenge av sunne matvarer
2. Kunnskap hos forbrukarane
3. Kompetanse hos nøkkelgrupper
4. Lokal forankring av ernæringsarbeid. Her nemnast særleg regionale partnerskap for folkehelse
5. Styrka ernæringsarbeid i helsetenesta.

Hovudmåla er å få folk til å ete meir frukt og grønsaker og redusere inntaket av sukker og feitt, særlig metta feitt og transfeitt.



Opplæringstiltak betra kosthald

4.1 Opplæring i kosthald for kantinepersonell på vidaregåande skolar

Bakgrunn, føremål

Sosial og helsedirektoratet har utarbeidd eit kurs for kantine-personell på fylkesnivå. 3 vidaregåande skolar i Hordaland har deltatt. Det er ønskjeleg å vidareføre tiltaket. SHDir har ein CD-rom/ verktøy slik at lokale aktørar kan halde eigne kurs.

Elektronisk kurs www.frukt.no

Kokeboka "Kantinens lille grønne"

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | |
| Forventa resultat | At kantinetilsette på skolane tilbyr kost som er i samsvar med dei offentlege tilrådingane |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommunen - opplæringsavdelinga, tannhelsetenesta |
| Samarbeidspartnarar | Fylkesmann, Sosial og helsedirektoratet, Norsk Sjømatsenter |
| Framdrift | Vidareføring |
| Kostnad | kr. 20 000 |
| Finansiering | SHDir? Fylkesmann? Eigeninnsats |
| Kritiske suksessfaktorar | |
| Relevans for kommunane | Nei, ikkje direkte |

4.2 Bruke tannpleiaranes kompetanse til å styrke undervisning i helse- og sosialfag

Bakgrunn, føremål

Elevar på helse - og sosialfag er framtidens samarbeids-partnarar innan omsorg og pleie. Programfaget Helsefremjande arbeid handlar om samanhengen mellom livsstil og fysisk og psykisk helse. Verdien av kosthald og fysisk aktivitet, førebygging av livsstilssjukdommar og hindring av smitte inngår. Programfaget handlar om korleis kroppen er bygd opp og fungerer, førstehjelp og ergonomi.

Programfaget yrkesutøving handlar om oppvekst-, helse- og sosialtenestene, eigenarten til dei ulike yrka, krava som må setjast til god yrkesutøving, og verdien av tverrfagleg samarbeid. Helse- og sosialtenester og oppvekstmiljø i eit fleirkulturelt perspektiv inngår i programfaget, som òg omfattar sentrale lover og allmenne spelereglar i arbeidslivet. Målet er opplæring i kosthald i helsefag vg1.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Formidle kunnskap/erfaring som både når eleven (vår målgruppe) samstundes som det styrker undervisninga |
| Forventa resultat | Elevane vil få auka kunnskap innan feltet og tannhelsetenesta vil på sikt treffe helsepersonell med adekvat kunnskap |
| Ansvar | Fylkeskommunen ved Opplæringsavdelinga og Tannhelsetenesta |
| Samarbeidspartnarar | HFK opplæringsavdelinga, skolane, Norsk Sjømatsenter |
| Framdrift | Oppstart haust 2007 |
| Kostnad | kr. 20 000 |
| Finansiering | Eigeninnsats |
| Kritiske suksessfaktorar | Tillit og samarbeid |
| Relevans for kommunane | Ikkje direkte |

4.3 Bruke tannpleiarane sin kompetanse til å styrke undervisning i ”Mat og helse”

Bakgrunn, føremål

Alle barn i den offentlege skole har heimkunnskap og faget ”Mat og helse” på nokre klassetrinn. Tannhelsepersonell har utadretta verksemd som ein primæroppgåve og kan bidra med kosthaldsråd. Målet er auka forståing for kosthald blant skolebarn.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Tiltaket føreset opplæringstiltak for tannhelsepersonell. Skolane har dette på timeplanen, vi må tilby ein pakke som er attraktiv for skolane å ta i bruk. Viktig med eit heilskapleg budskap om kosthald |
| Forventa resultat | Auka kunnskap om kosthald blant lærarane, elevane lærer å lage næring-srik mat |
| Ansvar | Fylkeskommunen ved folkehelsegruppa og Tannhelsetenesta |
| Samarbeidspartnarar | Kommunane ved skolen, Nifes, Norsk sjømatcenter |
| Framdrift | Oppstart etter ev. opplæring |
| Kostnad | kr. 20 000 |
| Finansiering | Eigeninnsats |
| Kritiske suksessfaktorar | Godt samarbeid og at skolane prioriterer på kosthald |
| Relevans for kommunane | På sikt |

4.4 Konferanse for barnehagepersonell om nye retningsliner for mat

Bakgrunn, føremål

Nye retningsliner for mat i barnehage kjem i 2007. Målet er å medverke til implementering av dei reviderte retningslinene.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | |
| Forventa resultat | Større medvit om sunn mat blant personell i barnehage |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune - Folkehelse |
| Samarbeidspartnarar | Kommunar, private barnehagar |
| Framdrift | oppstart i 2007 |
| Kostnad | ? |
| Finansiering | SHdir? |
| Kritiske suksessfaktorar | |
| Relevans for kommunane? | Ja |

Samarbeidstiltak for betra kosthald

Mål: Danne folkehelsegrupper, ressursnettverk, forpliktande samarbeid.
Kartleggje nyttige samarbeidspartnarar

4.5 Danne ressursnettverk med/for kvinner med flyktningbakgrunn

Bakgrunn, føremål

Tannhelse blant flyktningar indikerer eit høgt sukkerinntak. Enkelte grupper har for lågt D-vitamininntak. Vi veit at hjelpeapparatet ikkje når fram til mødrene på ein god nok måte.

Målet er å betra kosthaldet blant flyktningbarn

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Vi må sjå tiltaket i samanheng med tiltak 1.2. Om ein allereie har gjennomført tiltak 1.2, vil det vere lettare å følgje opp prosessen med involverte aktørar. |
| Forventa resultat | Redusert sukkerinntak, betra tannhelse og kosthald. På lengre sikt har ein venteleg lagt til rette for nettverk som er nyttig for andre folkehelseiltak. Kontakt som vil vere viktig for inkludering på andre arenaer, som tiltak for fysisk aktivitet osv. |
| Ansvar | Tannhelsetenesta ved tannpleiar i kommunen |
| Samarbeidspartnarar | Kommunane ved helsestasjon, helsesøster, skole, flyktningmottak, fylkeskommunen ved tannhelsetenesta, frivillige organisasjonar som Kirkens bymisjon, Empo |
| Framdrift | Vidareutvikle eksisterande samarbeid med helsestasjonane og oppstart av nye nettverk etter opplæringstiltak 1.2. |
| Kostnad | kr. 20 000 |
| Finansiering | Eigeninnsats og driftsmidlar |
| Kritiske suksessfaktorar | Vi må få til samarbeid med frivillige organisasjonar/nettverk som mødrene/kvinnene har kontakt med og tillit til. Vi må samarbeide med helsestasjonar som allereie har gode erfaringar på området. |
| Relevans for kommunane | Ja |



Foto: Oddmund Lunde

4.6 Vassautomatar i alle vidaregåande skolar i Hordaland

Bakgrunn, føremål

Omsetning av mineralvatn i Norge er på over 120 liter per innbyggjar. I følgje kosthaldundersøkingar er ungdom storkonsumentar. Sukra mineralvatn er på veg ned, og den usøta er på veg opp. Erfaring viser at der kor godt, kaldt vatn er tilgjengeleg, aukar trenden. Målet er å redusere sukkerinntaket blant elevar i vidaregåande skole.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Den enkelte skole må prioritere dette |
| Forventa resultat | Vassautomatar tilknytt leidningsnett i alle vidaregåande skolar i Hordaland. Då kan vatn i større grad erstatte brus som tørstedrikk blant elevar |
| Ansvar | Fylkeskommunen ved opplæringsavdelinga, tannhelsetenesta og folkehelsekoordinator |
| Samarbeidspartnarar | Opplæringsavdelinga, kontorsjef Maritime Høgskole, dei vidaregåande skolane i Hordaland |
| Framdrift | Prosjektet er starta. Målet er at installering kan starte opp frå hausten 2007. |
| Kostnad | kr. 500.000 |
| Finansiering | Kjøp av automatar: Folkehelsebudsjettet, Fylkestannlegen Vedlikehald: Den enkelte skolen |
| Kritiske suksessfaktorar | Ingen særskilte. Prosjektet er i gang |
| Relevans for kommunane | Nei, ikkje direkte, men indirekte |

4.7 Tannpleiarar - ressurspersonar i skolens nettverk

Bakgrunn, føremål

Alle vidaregåande skolar i Hordaland har elevinspektørar som har ansvar for psykososiale og helsemessige forhold ved skolen.

Tannhelsetenesta ønskjer å komme inn som ressurs i skolens nettverk og kan bidra med kunnskap og erfaring innan tobakk, rus, kosthald, ernæring, hygiene og tannstell.

Målet er auka fokus på ernæring og betra kosthald blant elevar i vidaregåande skole.

| | |
|------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Å få innpass i ressursgruppa |
| Forventa resultat | Tannhelsepersonell er i dei fleste kommunar og kan ta eit større ansvar som formidlar og samarbeidspartnar |
| Ansvar | Fylkeskommunen ved tannhelsetenesta |
| Samarbeidspartnarar | Opplæringsavdelinga, Nifes og Norsk sjømatssenter |
| Framdrift | Føresett oppdatert kunnskap blant tannhelsepersonell. Interne tiltak innan tannhelsetenesta |
| Kostnad | kr. 20 000 |
| Finansiering | Eigeninnsats |
| Relevans for kommunane | Nei, ikkje direkte, men indirekte |

4.8 Seminar for barnehagepersonell

Bakgrunn, føremål

Mange barnehagar gjer mykje for å redusere sukkerinntaket. Ved å kartleggje desse tiltaka, kan ein i samarbeid vidareformidle og vidareutvikle gode tiltak. Trekkje inn ressursbarnehagar som har gode rutinar på bursdagsfeiring, tørstedrikk, matsservering, tannpuss osv. Målet er betra kosthald blant barnehagebarn

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Sjå til at endringane opplevast positive (flytte fokus frå kaka til barnet). Nye retningslinjer for mat i barnehagar kjem medio 2007. Det vil óg bli utvikla pedagogiske og faglege implementeringsverktøy. |
| Forventa resultat | Seminar for barnehagepersonell. Fleire barnehagar reflekterer over eigne val og får i gang ein prosess kor kosthald får auka merksemd. |
| Ansvar | Fylkeskommunen ved tannhelsetenesta |
| Samarbeidspartnarar | Barnehageeigar(kommune), foreldre, SHdir med verktøy og materiell, ressursbarnehagar, Nifes, Norsk Sjømatsenter |
| Framdrift | Oppstart haust 2007 |
| Kostnad | Tid, lokale, lunsj. Kr. 20 000 |
| Finansiering | Eigeninnsats og driftsmidlar? |
| Kritiske suksessfaktorar | Barnehagane må velje dette som tema. Det er viktig at det vert opplevd som tilførsel av noko verdifullt og ikkje som peikefingar. |
| Relevans for kommunane | Ja |

4.9 Middagstilbod til einslege eldre i nærmiljøet

Bakgrunn, føremål

Mangelfullt kosthald er eit problem hos mange einslege eldre. Det trengst eit tilbod til eldre som ikkje mottek kommunale omsorgstenester og som vil ha glede av eit regel-messig middagstilbod og ein sosial møteplass. Mål: Sikre tilstrekkeleg kosthald og ein sosial arena for einslege eldre

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | |
| Forventa resultat | Betre fysisk og psykisk helse i målgruppa |
| Ansvar | Kommunane |
| Samarbeidspartnarar | Frivillige organisasjonar, Hfk, FM, kommunale eldreråd |
| Framdrift | i løpet av programperioden 2007-2008 |
| Kostnad | ? |
| Finansiering | Kommune/ organisasjonar/ eigenbetaling |
| Kritiske suksessfaktorar | Sjølvhjelpne eldre lengre |
| Relevans for kommunane | Ja |

Tema 5 Røyk og rus

Mål: Tiltak mot tobakkskader

5.1 Motivere for større deltaking i FRI-programmet

Bakgrunn, føremål

Redusere tobakkskader – hindre ungdom i år byrje å røykje. Skoleåret 2006/2007 er det 12011 elevar i Hordaland som er med på FRI-programmet i ungdomsskolen. Dette er 63 prosent av alle ungdomsskoleelevane i Hordaland.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Motivere skolar og lærarar til å ta i bruk og gjennomføre heile programmet. Det er ei særleg utfordring å få med alle skolane i Bergen. |
| Forventa resultat | 80 % deltaking i Fri-programmet på alle klassesteg i ungdomsskolen |
| Ansvar | Fylkesmannen (helse og utdanning) |
| Samarbeidspartnarar | Fylkeskommunen, Sosial- og helsedirektoratet |
| Framdrift | Løpande |
| Kostnad | Ingen |
| Finansiering | Staten |
| Kritiske suksessfaktorar | |
| Relevant for kommunane | Ja |

5.2 Røykfri skoletid i vidaregåande skole

Bakgrunn, føremål

I underkant av fem prosent av ungdomsskoleelevane har starta å røykje før dei kjem på vidaregåande. I Hordaland gjekk prosentdelen av gutar i ungdomsskolealder som røykjer dagleg, ned frå 8,9 i 2000 til 3,7 i 2005. Tilsvarande tal for jenter er 8,9 og 4,6. Det er viktig å halde resten av ungdomskullet røykfritt gjennom heile vidaregåande skole.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Vi manglar like gode undervisningsprogram som vi har i ungdomsskolen, men Sosial- og helsedirektoratet har tilbod til ulike elev grupper på: http://www.shdir.no/tobakk/skole_og_fritid/videreg_ende_skole/ |
| Forventa resultat | Kartlegging av status og systematisk arbeid i vidaregåande skole for å redusere bruk av tobakk blant elevar i vidaregåande skole gjennom undervisning og andre tiltak. |
| Ansvar | Fylkeskommunen (opplæringsavdelinga) |
| Samarbeidspartnarar | Fylkesmannen, Sosial- og helsedirektoratet |
| Framdrift | |
| Kostnad | |
| Finansiering | Statlege tilskotsmidlar |
| Kritiske suksessfaktorar | |

5.3 Tilbod om hjelp til røykeslutt i primærhelsetenesta

Bakgrunn, føremål

Redusere tobakkskader ved å medverke til at røykjarar sluttar.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Dei fleste tilboda om røykjesluttkurs er i Bergen, og kursa er gjerne dyre. Det er ei utfordring å gjere tilbodet tilgjengeleg for alle uavhengig av privat økonomi og kvar folk bur. |
| Forventa resultat | Fleire tilbod om hjelp til røykeslutt i regi av helsetenestene og fleire røykesluttkurs i distrikta |
| Ansvar | Fylkesmannen |
| Samarbeidspartnarar | Fylkeskommunen, Sosial- og helsedirektoratet, frivillige organisasjonar |
| Framdrift | |
| Kostnad | Ingen |
| Finansiering | Staten |
| Kritiske suksessfaktorar | |



5.4 Tiltak mot ruskadalar

Tiltak for å hindre alvorlege rusrelaterte skadar blant avgangselevar i russetida.
Ruspolitiske kommunale handlingsplanar
Samarbeid med Bergensklinikkene om tiltak for å førebyggje at ungdom blir rusavhengige

Bakgrunn, føremål

Ungdom som rusar seg utset seg både for å bli avhengige og for akutte skadar som følgje av at dei er rusa. Det er difor viktig å regulere tilgang på og etterspurnad etter alkohol, legemiddel og illegale rusmiddel.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Å hindre akutte ruskadalar i samband med russefeiringa og bidra til å samordne rusførebyggjande tiltak og skjenkepolitikk i lokale ruspolitiske planar. |
| Forventa resultat | Meir systematisk, kunnskapsbasert og samordna innsats i det førebyggjande rusarbeidet |
| Ansvar | Fylkesmannen (helse og utdanning), fylkeskommunen |
| Samarbeidspartnarar | Fylkeskommunen, Sosial- og helsedirektoratet, Bergensklinikkene |
| Framdrift | |
| Kostnad | |
| Finansiering | |
| Kritiske suksessfaktorar | |
| Relevant for kommunane | Ja |

5.5 Tiltak for å motverke omsetning av narkotiske stoff på skolane

Bakgrunn, føremål

Fylkesutvalet har bedt om eit prosjekt med tiltak for å motverke omsetning av narkotiske stoff på og i nær tilknytning til skolar og skoleplassar. Pushing av narkotiske stoff til ungdom skjer på stader der ungdom er samla, og skolane er ein utsett plass i høve til dette.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Kva for verkemidlar fungerer best og er mest effektive i å hindre omsetning av narkotiske stoff til ungdom? Kva kan den enkelte skolen gjere? Erfaringsbasert kunnskap må leggjast til grunn for tiltaket og val av verkemidlar. Truleg er ein kombinasjon av fleire type tiltak, både positive/ haldnings- skapande og restriktive tiltak og kontroll nødvendig. |
| Forventa resultat | Forprosjekt: Oversikt over og vurdering av ulike type tiltak Hovudprosjekt: Tiltakspakke til bruk i skolane |
| Ansvar | Fylkeskommunen |
| Samarbeidspartnarar | Fylkesmannen, Bergensklinikkene, politiet |
| Framdrift | |
| Kostnad | |
| Finansiering | |
| Kritiske suksessfaktorar | Skolane må prioritere arbeidet |

Tema 6 Tilrettelegging for fysisk aktivitet

Arealplanlegging

Det er eit mål å betre folkehelsa gjennom å auke fysisk aktivitet blant folk. Ein viktig føresetnad for auka aktivitet er å leggje til rette - ved å stimulere til aktivitet mellom anna i regi av lag og organisasjonar og ved fysisk tilrettelegging.

Å vere aktiv i dagleglivet er grunnleggjande for god helse. Det har mykje å seie korleis det er lagt til rette for fysisk aktivitet der vi bur og opphalder oss og på arbeidsreisa. God planlegging er med på å gjere dei sunne vala lettere og meir attraktive. Kommunane har eit hovudansvar, men fylkesmann og fylkeskommune vil og ha eit viktig ansvar. Tilrettelegging for spesielle grupper vil vere eit særskilt ansvar. Universell utforming må ligge som premiss for alle planar og takast omsyn til i flest mogleg tiltak.

Som eit utgangspunkt for å leggje til rette for aktivitet må verdifulle friluftsområde, grønt-struktur og nøkkelområde som sikrer tilgjenge til friluftsområda, kartleggast og verdsettjast. Dette er no gjort på regionalt nivå og arbeidet må følgjast opp på lokalt nivå. Her har kommunane eit stort ansvar.

Vi sett fokus på ulike område:

- Friluftsliv i nærmiljø/ aktiv kvardag
- Leik og opphald i bustadområde
- Transport, til og frå arbeid, skole og fritidsaktivitetar
- Opplæring/informasjon for å sikre tilrettelegging for fysisk aktivitet



Foto: Gudrun Mathisen

6.1 Kartleggje og verdsette lokale friluftsområde

Bakgrunn, føremål

Betre dokumentasjon av verdifulle friluftsområde i kommunane, som grunnlag for arealplanlegging og planlegging for fysisk aktivitet. Oppfølging av tilsvarande prosjekt som i 2005-2007 vart gjennomført for regionale friluftsområde. Nytte metode i DN-handbok 25-2004

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Skaffe oversyn over areal/område som er viktige for oppfølging av nasjonale mål for friluftsliv, folkehelse, universell utforming, oppvekstmiljø |
| Forventa resultat | Kommunane får tematisk oversikt over lokale friluftsområde |
| Ansvar | Kommunane, friluftsråda |
| Samarbeidspartnarar | Fylkesmannen, HFK |
| Framdrift | Oppstart i programperioden 2007-2008 |
| Kostnad | eigeninnsats, evt. konsulenthjelp |
| Finansiering | Kommunane, Direktoratet for naturforvaltning, skjønsmidler(?) Hfk- folkehelsemidlar 24.-40.000/ kommune ? |
| Kritiske suksessfaktorar | |
| Relevans for kommunane | Ja |

6.2 Sikring av lokale friluftsområde og grøntareal

Bakgrunn, føremål

Det er per i dag ikkje normer for kor mykje areal som må vere tilrettelagt for aktivitet. Det er behov for å følgje opp og å sikre/ervert lokale friluftsområde i nærmiljø og i tilknytning til skolar og barnehagar.

| | |
|--------------------------|---|
| Spesielle utfordringar | Følgje opp og gjennomføre gjennom arealplanprosess eller sikringsprosess. |
| Forventa resultat | Betre uteareal for barn, unge og alle bebuarar |
| Ansvar | Kommunar, friluftsråda. |
| Samarbeidspartnarar | Fylkesmannen, HFK |
| Framdrift | Kontinuerleg |
| Kostnad | Ervert og drift |
| Finansiering | Direktoratet for naturforvaltning, spelemidler, kommunane, |
| Kritiske suksessfaktorar | Arealkostnader,arealbrukskonfliktar |
| Relevans for kommunane | Ja |



6.3 Grenser for og tilgjenge til store friluftsområde / byfjell

Bakgrunn, føremål

Det er behov for klare byggegrenser og korridorar som sikrar tilkomst til friluftsområde. Sikre tilgjenge til og fastsettje byfjellsgrenser/markagrenser/ grenser til store samhengende LNF-område i alle kommunar

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | God arealdel og gode føresegner/retningsliner til alle kommuneplanar Arealbrukskonfliktar. Nytt arealdata i kartleggingsprosjekt for regionale friluftsområde |
| Forventa resultat | Lettare tilgjenge til friluftsområde. |
| Ansvar | Kommunane gjennom rullering av kommuneplanane |
| Samarbeidspartnarar | Fylkesmannen, HFK, kommunane |
| Framdrift | Kontinuerleg |
| Kostnad | Sikring av korridorar – ukjent beløp |
| Finansiering | Direktoratet for naturforvaltning, kommunane |
| Kritiske suksessfaktorar | Gode og tydelige planar. Finansiering |
| Relevans for kommunane | Ja |

6.4 Utvikle eit universelt utforma friluftsområde i kvar region

Bakgrunn, føremål

Lage eksempelområde med god variasjon og fleire opplevings-element i alle regionar, gjerne tematisert i høve til landskapet hav/kyst fjord/fjell.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Regional samhandling, dokumentasjon av heile utviklingsprosessen, ressursar |
| Forventa resultat | Utvikle og synleggjere gode eksempelområde |
| Ansvar | HFK, Kultur- og idrettavd. |
| Samarbeidspartnarar | Kommunar, friluftorganisasjonane, Hordaland Reiseliv. RFH, Råd, HFK, Kulturlandskapscenteret, lokalsamfunnsutvikling |
| Framdrift | Oppstart hausten 2007 |
| Kostnad | 150.000,- til forprosjekt |
| Finansiering | Spleiselag - spelemidler |
| Kritiske suksessfaktorar | Manglande finansiering og regional samhandling |
| Relevans for kommunane | Ja |

Aktiv transport

Gode og trygge skoleveger, tilrettelegging som gjev trygg adkomst til kollektivknutepunkta eller moglegheiter for å gå/sykle fram til arbeidsplassen eller delvis til arbeidsplassen, er viktige tiltak som fremjer folkehelse.

6.5 Gå til skolen/ Aktive skolebarn

Bakgrunn, føremål

Skoleskyss med privatbilar skapar trafikkfarlege situasjonar. At barna går til skolen er både eit trafikksikrings- og aktivitets-fremmende tiltak. Målet med tiltaket er at nye skolar blir bygd slik at elevane kan gå og sykle til og frå, og konfliktfritt frå bilar. Gå til skolen er tiltak 5.2. i Hordaland fylkeskommune sin Handlingsplan for trafikksikring. Aktive skolebarn er eit samarbeidsprosjekt mellom Statens Vegvesen, kommunane og Fylkesmannen i Hordaland. Prosjekta må sjåast i samanheng.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Få kommunane til å tenke og handle slik at dette bli mogleg |
| Forventa resultat | Auka fysisk aktivitet og sikrare skoleveg. |
| Ansvar | Kommunane har eit ansvar for å tilretteleggje. |
| Samarbeidspartnarar | Statens vegvesen, HFK, kommunane, Fylkesmannen |
| Framdrift | Pågåande, vidareføring |
| Kostnad | ? |
| Finansiering | Avhengig av vegeigar |
| Kritiske suksessfaktorar | Forståing for kor viktig det er å gå, både for miljøet, trafikktryggleik og for folkehelsa |
| Relevans for kommunane | Ja, stor |

6.6 Turvegar sentralt i bustadområda

Bakgrunn, føremål

Turvegar sentralt i bustadområda, mellom bustad, butikk, skole og kollektive transportknutepunkt. Mål: Tilretteleggje for aktiv transport, gjere det lettare med kvardagsaktivitet. Gjere det raskare å gå enn å køyre bil i nærrområda. Tilrettelagte trafikkårar for myke trafikantar.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Få det inn i overordna planar, inn i kommunedelplanar (til dømes Åsane sentrale strok) |
| Forventa resultat | Mindre biltrafikk, auka merksemd og betre folkehelse. |
| Ansvar | Kommunane |
| Samarbeidspartnarar | HFK, Statens vegvesen, fylkesmannen |
| Framdrift | Vidareføring og auka merksemd |
| Kostnad | Erverv og drift |
| Finansiering | Kommunane, Direktoratet for naturforvaltning, skjønsmidlar (?) |
| Kritiske suksessfaktorar | Arealkostnader, ressursar, krysspress |
| Relevans for kommunane | Ja |

6.7 Bike and ride

Bakgrunn, føremål

Sykkelparkering i sentrale strok i byar og tettstader og ved kollektivknutepunkt. Parkere sykkel for så å ta kollektiv transportmiddel, særleg langs bybane.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Vakthald, sette av attraktive areal |
| Forventa resultat | Fleire syklistar og færre bilar i trafikken |
| Ansvar | Veghalder |
| Samarbeidspartnarar | Statens vegvesen, kommunane, kjøpesenter, fylkeskommunen |
| Framdrift | ? |
| Kostnad | ? |
| Finansiering | Statens vegvesen, HFK, kommunane, kjøpesenter |
| Kritiske suksessfaktorar | Økonomi |
| Relevans for kommunane | Ja |

6.8 Informere planleggjarar og utbyggjarar om behovet for fysisk tilrettelegging

Bakgrunn, føremål

Auka kunnskapsnivået blant planleggjarar og utbyggjarar for å sikre god tilrettelegging.

Auka kunnskap blant ansvarlege planleggjarar og politikarar kan vere avgjerande for å sikre gode løysingar for folkehelsa. Det er og naudsynt at utbyggjarar får kunnskap om desse tilhøva.

Sjå også tiltak 1.5.

| | |
|--------------------------|--|
| Spesielle utfordringar | Prioritering av feltet, tids – og økonomiske ressusar. |
| Forventa resultat | Meir kunnskap som medfører betre planlegging. |
| Ansvar | HFK |
| Samarbeidspartnarar | Fylkesmannen, Statens vegvesen |
| Framdrift | Vidareføring og auka merksemd |
| Kostnad | ? |
| Finansiering | ? |
| Kritiske suksessfaktorar | Ressursar, implementering |
| Relevans for kommunane | Ja |

Vedlegg 1



Fylkesmannen i
Hordaland



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200603220-11/A-44,00/GMAT

Dykkar ref.:

Bergen, 16. oktober 2006

Avtale om partnerskap for folkehelse i Hordaland 2006 - 2010

Tida er inne for eit meir systematisk arbeid med folkehelse i Hordaland. På møte den 25. april 2006 vedtok Fylkesutvalet i Hordaland m.a. at det er viktig at fylkeskommunen engasjerer seg systematisk i folkehelsearbeidet i Hordaland og at fylkeskommunen tar på seg å leie eit partnerskap for folkehelse (FUV-sak 99/06).

Med utgangspunkt i fylkesutvalets vedtak, Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008 og St.melding nr. 16 (2002-2003) Resept for et sunnere Norge, har Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune i dag avtalt å samarbeide for å fremje folkehelsa i Hordaland.

Vi vil arbeide for å:

1. Søkje Sosial- og helsedirektoratet om tilskot til Hordaland som partnerskapsfylke frå og med 2007
2. Minske helseforskjellar på grunn av kjønn, etnisitet, utdanning og inntekt
3. Sikre at folkehelseperspektivet vert vurdert i alle kommunale planar
4. Inngå avtalar med kommunar, friviljuge organisasjonar og andre interessentar for å styrkje folkehelsearbeidet i Hordaland.
5. Betre samordning av tilskotsordningane til folkehelseiltak og prioritere tiltak som har dokumentert effekt på folkehelsa.

I tilknytning til denne avtalen skal det utarbeidast 2-årlege handlingsplanar for folkehelsearbeidet i Hordaland. Fylkesutvalet skal godkjenne handlingsplanen.

Hordaland fylkeskommune tek på seg å vere sekretariat for partnerskapen.

Bergen, 16. oktober 2006


Svein Alsaker
Fylkesmann


Torill Selsvold Nyborg
Fylkesordførar

Vedlegg 2

FUV-sak 80/07 Folkehelse i Hordaland. Handlingsprogram 2007-2008.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet sluttar seg til Handlingsprogram for folkehelse 2007-2008. Programmet vert lagt til grunn for bruk av statlege stimuleringsmidlar i perioden og for samarbeid med kommunar.
2. Fylkesutvalet vil ha vurdert eit prosjekt 5.5. med tiltak for å motvirke omsetnad av narkotiske stoff på og i umiddelbar nærleik av skolar og skoleplassar





HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gate 5,
Postboks 7900
N-5020 Bergen, Norway
Telefon 55 23 90 00